



Referat

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Måndag 20. oktober 2025

Tidspunkt: kl. 14.00, Saunesmarka.

Styremedlemmer:

Anne Holstad

Christoffer Eiken

Camilla Storøy forfall

Arnulf Goksøyr forfall

Anne Marte Beitveit

Oskar Grimstad

George Fulford

Frå administrasjonen møte:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud og økonomisjef Gunn Røyset.

Sakliste – vedtakssaker:

SAK S33/25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende innkallinga og saklista

SAK S34/25

Godkjenning av referat

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner referatet frå sist styremøte.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende referatet frå sist styremøte

SAK S35/25

Perioderekneskap per august 2025.

Omsetninga pr august var på 53,1 mill. fordelt med 37,4 mill på hushald, 11,9 mill på næring og 3,8 mill på slam samla.

Driftsresultatet pr august var på 7,3 mill. Hushald sto for 5 mill, næring 2,2 mill og slam totalt kr. 99.000. Budsjettert driftsresultat var på 4,3 mill fordelt med 3,2 mill på hushald, 1,4 mill på næring og negativt kr. 266.000 på slam samla.

Netto finanskostnadar var på 3 mill, mot eit budsjett på 3,1 mill.

Resultatet pr august var etter dette på 4,6 mill, fordelt med 2,9 mill på hushald, 1,6 mill på næring og kr. 98.000 på slam samla. Budsjett var 1,5 mill. Dette fordelte seg med 1,1 mill på hushald, kr. 657.000 på næring og negativt med kr. 266.000 på slam samla.

Det er verd å merke seg at sjølv om resultatet pr august er godt, så viser historikken frå tidlegare år at dei siste månadane av året som oftast har dårlege resultat. Dette heng både saman med naturlege svingningar i bransjen, men og at det kan kome ekstra kostnadar om hausten. Blant anna er ofte planlagde vedlikehald lagt til denne årstida pga lågare aktivitet generelt.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret tok perioderekneskapen per august til vitande. Styret var godt nøgd.

SAK S36/25**Budsjett, økonomiplan og gebyr 2026****Styrehandsaming:**

Styret gjekk gjennom budsjettforslaget, som var lagt fram med ein reduksjon frå 6% til 5% gebyrauke for 2026, etter vedtak i førre styremøte då første budsjettutkast vart presentert. Bakgrunnen for 6% gebyrauke i første budsjettutkast, var at denne auken var godkjent i siste økonomiplan, vedteken i november 2024. I tillegg til den reduserte gebyrauken, er det innarbeidd reduksjonar på kostnadssida knytt til lærling. Det har og vore justering av enkelte indirekte kostnadar, som IT-kostnad og inventar. Lånerenter er redusert som følgje av ei rentejustering på 0,25% i Kommunalbanken frå 15.10.25.

Problemstillinga knytt til nytt regelverk for produsentansvar vart presentert. Regelendringa kom 1.juli 2025, men det er mange uavklarte spørsmål rundt dette. SSR har valt å ikkje innarbeide ein auke i inntektene i 2026. Frå 2027 og vidare i økonomiplanperioden er det innarbeidd noko inntektsauke. Dette er også årsaka til at det er lagt opp til ingen auke i gebyret i 2028 og 2029.

Styret peika på at det kanskje burde vore 4% gebyrauke i 2026 og 2% i 2027 for å jamne det meir ut. For den enkelte abonnent vil ei slik endring ikkje gjere stort utslag. Administrasjonen peika på at argumentasjonen for å ta 5% i 2026, er å få sjølvkostfondet i balanse, og at det er underskotet her som er årsaka til at gebyrauken i forslaget er høgare enn pris- og lønnsvekst.

Styret ba om at det blir utarbeidd ein plan for digitalisering i selskapet, som viser kva som skal digitaliserast, når det skal gjerast og kven som er ansvarleg. Planen skal vere klar til styremøte i februar 2026.

Vedtak: Budsjettforslag, økonomiplan og nytt gebyrregulativ lagt fram i møtet vart samrøysta vedteke. Dokumenta vert lagt fram for representantskapet i møtet 12. November.

SAK S37/25 **Strategiplan 2025-2028**

Styrehandsaming: Strategiplanen blei gjennomgått i møtet. Styret ønska å endre årstal til at planen skal gjelde for 2026-2029, då 2025 omtrent er over. Styret rosa planen, både innholdsmessig og layout-messig. Det skal utarbeidast intern handlingsplan som konkretiserer dei ti arbeidspunkta som står i slutten av planen. Desse blir lagt fram på første styremøte i 2026.

Det vart peika på at strategien til selskapet må formidlast ut til alle tilsette. Dette bør gjerast gradvis gjennom naturlege informasjonskanalar, den daglege drifta, infomøter osb.

Vedtak: Styret godkjende strategiplanen. Planen vert lagt fram for representantskapet i møtet 12. november.

Sakliste – orienteringssaker:

Sak 38/25 Orienteringar

- Produsentansvar
- Sjukefråvêr per tredje kvartal
- Hybridpensjon
- Miljøfyrtårnsertifisering
- Val av ny tilsettrepresentant til styret

Andrea Øien Sæverud
Dagleg leiar

George Fulford
styreleiar